



VINJE

MILJØDIREKTORATET
Postboks 5672 Torgarden
7485 TRONDHEIM

Dato: 26.06.2025
Vår referanse: 2025/181-26
Sakshandsamar: Anne-Sofie Bergene Strømme

Klimarekneskap - landbruk

I høve handsaming av klimarekneskapet for kommunens drift i Vinje kommune vart det stor drøfting av den nasjonale statistikken på direkte utslepp, spesielt direkte utslepp knytt til landbruk og husdyr på samfunnsnivå.

Vedtaket i kommunestyret 24.06.25, sak 58/25 vart fylgjande:

Vedtak

Klimarekneskap for kommunens drift 2019-2024 blir vedteke slik det er lagt fram. Vinje kommune ser det som problematisk at noko så naturleg som fordøyelsesprosessen til husdyr blir gjort til eit utsleppsproblem for samfunnet. Ein ber om at Miljødirektoratet fjernar denne utsleppskjelda som ein del av statistikkgrunnlaget for berekning av klimagassutslepp på samfunnsnivå.

På bakgrunn av dette vedtak ber Vinje kommune om de kan gjere ein vurdering å fjerne denne utsleppskjelda i statistikkgrunnlaget. Fint om kommunen kan få ein attendemelding på dette brevet. På førehand takk.

Vedlagt ligg samla saksframstilling med vedtak og Vinje kommune sin klimarekneskap for kommunens drift 2019-2024.

Med helsing

Anne-Sofie Bergene Strømme

plan- og miljørådgjevar

Brevet er sendt elektronisk og har difor ingen signatur.

Vedlegg

- 1 Saksprotokoll - Klimarekneskap for kommunens drift 2019-2024
- 2 Rapport - Klimarekneskap for kommunens drift 2019-2024 vedteke i kst 24.06.25

Mottakarar:

MILJØDIREKTORATET